

Møtereferrat

Møte: Tlf møte AU Midt

Tid/Sted: Torsdag 20.06.19 kl 10 - kl 12

Tilstede: Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Sverre Tyldum, Borgny Grande, Kolbjørn Frøseth, Bård Tore Berntsen, Johan Kristian Daling, Olav Håkon Ulfsnes og Roy Albertsen

Forfall:

Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg

Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 20.06.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå styremøtet 18. - 19.06 Olav Håkon orienterte om konsernrapporten. Sal: Auka bidrag på Gilde, men redusert volum. Kvitt kjøtt i jamn betring på volum. Meir industrisal, fokus på sal av heile dyret. SAP: Implementering gått greitt på Hå og Sandeid. Gardermoenavtalen ved omstilling. Produktutvikling. Otta: Mykje kritikk på samfunnsoppgåva til Nortura, utgreiinga pågår. Tilleggsyttingar: Utgjer ganske lite i forhold til betra inntening mot kjedene hittil i år. Eksport av sau: Litt i fjor til Østen, dubla bestillingar i år, men skjer i Nortura-regi ved sidan av marknadsreguleringa. Eigarskapsforvaltning. Distribusjon: God leveringsevne og mindre svinn. Kundeplanar. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Har styret diskutert konkurransesituasjonen på storfepris?• Svar: ja, og vert innført 7 vekers avtaletillegg.• Ein del støy om Otta og inntransport i same området. Er det berekna stor reduksjon i tilførselar?• Svar: Må takast med i beslutningsgrunnlaget	
	Vedtak: AU tek orienteringa til orientering	
2	Oppnemning av ressursgrupper Ingen endringar vart gjort. Vedtak: AU vedtek ressursgrupper, jf vedlegg.	
3	Orientering frå fagutvala og ansvarsretsane Sverre orienterte om at det ikkje har vore møte i fagutval gris sidan sist, mogeleg no i etterkant av filmen. Borgny har hatt møte i fagutval storfe med hovudtema prising av kalv og klassifisering. Bekymring for marknadsandelar, særleg tunge rasar. Får mange tlf om prisenivå i fht konkurrent. Prisen på kalv er høg nok. Klassifisering: Statistikken syner ikkje store skilnader, men produsentar opplever reduksjon. Korleis få forbrukar til å velje norsk storfekjøtt. Johan Kristian har hatt møte i fagutval kylling med tema prisdokumentet på fjørfekjøtt. Dokumentert kostnadsauke til produsent siste 12 mnd, prisjustering dekkjer ikkje heile kostnaden. Ligg under på produsentpris i fht konkurrentar. Positiv salsutvikling fortsatt. Opna for utviding på kalkun. Kretsane: Har snakka med nokon, litt støy om inntransport og valgt løysing.	

Bård Tore og fagutval småfe: Marknad bra, redusert lager av sau med 1 000 tonn, no 600 tonn. Om lag som i fjor med lam på lager, truleg tomt til sesong. Håp om eksport av 1 000 tonn sau i haust, forventta balanse. Må ha klyving av sau. Fagutvalet sin funksjon skal drøftast på neste møte, m.a. samhandling/kommunikasjon adm og styret.

Kolbjørn har ikkje hatt møte i fagutval egg sidan sist. Stor overproduksjon, litt redusert i fht forrige prognose. Fortsatt ikkje etableringsmogelegheit. Overgang egg frå Coop til Rema.

Ragnar har hatt kontakt med sine kretsar, tema filmen og storfe- og livdyrpris.

Lars Morten har prata med sine kretsar. Innspel om korleis folk vert møtt på Medlemssenteret. Bekymring rundt økonomien, godt det går rett veg. Storfepris.

Spørsmål/kommentarar:

- Telefonar om pris på storfe i forhold til konkurrentar, både på slakt og livdyr
- Må formidlast at det er Nortura som tek kostnaden med eksport av sau.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

4 Orientering frå Medlem region Midt

Roy orienterte om oppfølging i etterkant av filmen. To møter for svineprodusentar torsdag i neste veke, Steinkjer og Malvik, med psykolog. Invitasjon sendast ut i dag. Klassifisering: Klager sendast til Animalia. Forklarbare avvik på avl og vekt på fleire. Lang oppføringstid gjev lange slakt. Fleire vel å levere konkurrent. Prøveskjering pågår. Marknadsandelar pr mai ikkje klar enno, fryktar tala. Tilførselar: Midt-Norge slakteri og Eidsmo har auke på storfe så langt i år. Sesongplanlegging, oppstart småfeslakting veke 32. Klyving av sau på Malvik frå i haust.

Spørsmål/kommentarar:

- Meir kraftfôr og mindre grovfôr kan verte resultatet av den endra klassifiseringa. Tema på neste møte i AU, for evt brev til styret og Animalia

Brit Kari

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

5 Status inntransport

Roy orienterte om lite direkte kontakt, trass i rykter på bygda. Uro i andre delar av landet som ikkje har valgt løysing enno. Notra er i gang med køyring i eit område i Aust, nær Rudshøgda.

Lars Morten orienterte om at Bård Tore og Olav Håkon deltok på grillmøte i Meldal. Ikkje behov for info møte. Kretsleiar vil invitere til møte i august. Oppfølging av enkeltprodusentar i staden? Må vere tydelege på at det ikkje kan nektast folk frå adm å møte. Trass i fakta, vanskeleg å endre haldningar.

Spørsmål/kommentarar:

- I Steinkjersområdet tema at Litra kjem inn utan anbod, med så stor eigarandel som 50 %. Gjev færre andre aktørar.
- Valet er gjort, no jobbe for best mogeleg løysing.
- Eigarane opptatt av at andre aktørar ikkje fekk delta i anbod.
- Dersom kretsar ynskjer møter om det som er gjort og skal skje må vi stille opp.
- Er ikkje OK med feilaktig info frå sjåførar til meg som bonde. Viktig med fakta. Vert opplevd som Litra berre har venta på å kome i gang.
- Vanskeleg å stoppe motarbeiding og feilinformasjon frå sjåførar og selskap.
- Konkurransetsetjing skaper usikkerheit, har vore van med fast avtale. Taktskifte for å ta ut nye effektar. Må vite kven og kva som vert sagt, for å sikre ryddig opptreden for arbeidsgjevar som no skal i forhandlingar.
- Mykje feilinformasjon hos sjåførane, må ha felles info til alle så ofte som mogeleg, så mykje som mogeleg. Rykter som går er: Notra som vert profilert, ikkje Nortura? Halve lass på fjøset pga av at det ikkje fungerer med store bilar?

Selskap som ikkje vil vere med vidare? Tillitsvalde si rolle – behov for info. Ressursar til besøk? Notrabilane i aust måtte ha hjelp frå sjåførar frå andre selskap. Prosess for vidare arbeid for sjåførane.

- Skal ikkje kimse av reaksjonar dersom eit selskap vel å køyre for annan aktør i staden.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

6 **Orientering Nortura Steinkjer**

Lars Morten orienterte om positivt møte mellom ordførar, fylkesordførar og konsernleiing på Løren. Mogeleg prosjekt på robotisering med SINTEF.

Borgny orienterte frå prosjektet "Økt verdiskaping fra midtnorsk kjøttproduksjon": Finansiering er på plass for verdiskaping og samhandling mellom aktørane, m.a. på produkt som Nortura skal sanere. Teknologi for samhandling mellom bonde og slakteri vert jobba med. Regionale merkevarer.

Spørsmål/kommentarar:

- Avventande haldning ved anlegget.
- Utgreiing skjering går parallelt med evt tema robotisering?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

7 **Eventuelt**

- Refleksjonar rundt Brennpunkt-filmen:
 - Vondt å sjå, men veldig glad for at vi som tillitsvalde var forberedt
 - Dyktige tillitsvalde i front. Viktig å vise handling, fryktar oppfølging.
 - Frykta verre. Kom greitt ut frå debatten om at vi fortsatt må kjøpe norsk mat. Avliving må handterast rett.
 - Verre enn frykta. Problemet ligg i haldningar, lovpålagte veterinærbesøk vil ikkje rette det.
 - Bygd opp rundt sympati for aktør. Openbart ein jobb å gjere på dyrevelferd. Bekymra for at vi vert defensive, landbruket må definere dyrevelferd. Ordbruk som likestiller dyr og menneske.
 - Nortura tek eit stort ansvar for heilheita. Offensive reklamekampanjar. Bevisstheit om reklamebodskap. Fokus på å melde saker til Mattilsynet. Haldningsarbeid.
 - Bra vi tek totalansvar, men synd at det ikkje er fokus på andre aktørar også.
 - Trist film. Må vere tydelege på at det ikkje er kvardagen. Hensikt i forhold til kjøttproduksjon, oppfølging og etterspel viktigast. Nortura gjort god jobb i forkant, Trine truverdig i debatten.
- Brit Kari orienterte om skisse for AU-møtet i august. Separat møte AU Midt måndag 19.08 frå ca kl 16. Felles møte AU Midt og leiargruppe Midt tysdag kl 08.30 – kl 12. Lunsj og felles møte + middag med AU Nord. Harald Bjerknes og Hilde Kari Skarstein er stadfesta kjem.
 - Innspel til fellesmøtet med AU Nord: Landbruk i heile landet – kva legg vi i det, jf tema i årsmøtet